

Møteinnkalling

Utvalg: Arbeidsutval - Nasjonalparkstyret for Reinheimen
Møtested: , E-post
Dato: 09.10.2013
Tidspunkt:

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
PS	(Ingen tittel)		2013/5138

Arkivsaksnr: 2013/5138-0

Sakshandsamar: Trond Stensby

Dato: 09.10.2013

Utval	Utvalssak	Møtedato
Arbeidsutval - Nasjonalparkstyret for Reinheimen		09.10.2013

Finndalen landskapsvernområde - Dispensasjon - Motorferdsel - Graving av avskjeringsgrøft ved sæter - Vidar Vange. Søknad om endring av vilkår.

Forvaltar si innstilling

AU-Nasjonalparkstyret for Reinheimen tok saka opp til behandling pga. fare for skade på eigedom.

AU-Nasjonalparkstyret for Reinheimen lempar på vilkåra i Nasjonalparkstyret for Reinheimen sitt vedtak frå 13.08.13, og gjer følgjande vedtak:

1. «Med heimel i naturmangfaldlova § 48 får Haldis og Vidar Vange dispensasjon frå verneforskrifta for Finndalen landskapsvernområde for graving av ei inntil 60 m lang avskjeringsgrøft ovanfor sætra si i Finndalen.
2. Grøfta skal ikkje vera djupare enn 1 m, og ikkje breiare enn 2 m, siden i grøfta med helling 1:1.
3. Grøftemassane skal leggjast langsmed grøftetraseen i ikkje meir enn 1 m høgde.
4. SNO v. Per Olav Haugen (970 57 213) skal varslast etter at tiltaket er utført, slik at det kan registrerast i verneområdeloggen.»

Saksopplysningar

Haldis og Vidar Vange har i e-post dagsett 08.10.13 søkt om følgjande:

«Viser til siste telefonsamtale, og søker hermed på nytt om å få sleppe å kjøre bort overskuddsmasse frå grøfta. Entreprenøren og Per Olav har vore på befaring, og meiner at det mest skånsomme for naturen er at massa blir liggande ved grøfta. Det vil bli eit mykje meir betydeleg inngrep, dersom overskuddsmasse skal fjernes med traktor og henger. Dette på grunn av myrlendt område. Graving vil

bli gjort i dei næraste dagane, for vinteren kan vere rett rundt hjørnet. Viss graving av grøft ikkje blir gjort nå, vil sætra få store teleskader, pga. at påbygget står under vatn nå.»

Søkjar har på telefon 09.10.13 opplyst at det vil vera tilstrekkeleg med ei grøftdjupn på maks. 1 m.

Nasjonalparkstyret for Reinheimen gjorde i møte 13.08.13 følgjande vedtak:

5. «Med heimel i naturmangfaldlova § 48 får Vidare Vange dispensasjon frå verneforskrifta for Finndalen landskapsvernområde for graving av ei inntil 60 m lang avskjeringsgrøft ovanfor sætra si i Finndalen.
6. Grøftemassane skal køyrast vekk, og deponerast i hop med andre gravemassar frå byggjearbeidet på sætra.
7. SNO v. Per Olav Haugen (970 57 213) skal varslast etter at tiltaket er utført, slik at det kan registrerast i verneområdeloggen.»

Vedtaket 13.08.13 var basert på følgjande søknad:

«Søker om å få grave ei grøft ovanfor sæterhuset som ligg på Breistulen i Finndalen. Vi har starta med restaurering og påbygg på sæterhuset, men har store problem med vann og massetilsig. Løsning på dette problemet er å grave ei grøft, ca 50-60 meter ovanfor sæterhuset. Grøfta blir vestover som er mest naturleg i terrenget. Grøfta blir teke ca 20 meter utanfor sæterkveen. Bilete av vannproblemet er sendt pr MMS til Trond Stensby.

Håper at eg kan få svar pr telefon, så snart saka er behandla. Dette på grunn av stopp i arbeidet med sæterhuset og at gravemaskinen står klar til å utføre arbeidet.»

Vidar Vange har 12.08.13 sendt eit bilete som viser problemet:



Vedtaket var basert på følgjande vurdering:

Det blir søkt om graving av ei 60 meter lang grøft i Finndalen landskapsvernområde. Søknaden må behandlast etter verneforskrifta for Finndalen landskapsvernområde § 3, pkt. 1.1: «Området er verna mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter.» «Drenering» er nemnd som eit av fleire tiltak som vesentleg kan endre landskapets karakter.

Søknaden må derfor behandlast etter naturmangfaldlova § 48:

«Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.»

Breistulen er ein gamal sæterstul med mange sætrer. Vange si sæter med hus og sæterkve kan drivast/vedlikehaldast på vanleg måte, jf. verneforskrifta § 3, pkt 1.2.

Det er ikkje registrert viktige naturtypar i området.

Tiltaket må behandlast etter § 48 fordi tiltaket skal gjerast utanfor sætra. Tiltaket har eit avgrensa omfang, og vil ikkje berøre særskilde verneverdiar. Tiltaket vil bidra til å oppretthalde landskapet sin karakter, og ikkje endre det vesentleg.

For å unngå uheldig verknad på landskapet må grøftemassane køyrast vekk og deponerast saman med andre gravemasser frå byggjearbeidet på sætra.

Sætra ligg i Finndalen statsallmenning, og til orientering har Statskog SF 12.08.13 gjeve grunneigar sin tilslutning.

Ytterlegare vurdering ift. miljørettsprinsippa (jf. nml § 8-12) er ikkje relevant.

Konklusjon

Vidar Vange bør få dispensasjon for å grave ei avskjeringsgrøft for å sikre sæterkve og sæterhus i Finndalen. Tiltaket vil bidra til å oppretthalde landskapet sin karakter.

Vurdering

Det blir søkt om endring av vilkår for vedtak gjort etter naturmangfaldlova § 48. Det er lagt fram nye opplysingar om at grøftemassen ikkje let seg fjerne og deponere saman med gravemassane frå byggjetomta, utan at dette medfører vesentlege køyreskader og nye terrenginngrep.

For å få fjerne grøftemassen vil ein måtte byggje ein stutt tilkomstveg for komme til det aktuelle arealet, samt at køyrespor frå traktor/hengar vil kunne dekke eit større areal enn grøftemassen.

I tråd med søkjar si opplysing bør det settast vilkår for gravedjupn ikkje større en 1 m. Maksimal grøftbredde bør avgrensast til 2 m, noko som gjev sidene i grøfta i helling lik 1:1.

Volumet av grøftemassen vil auke etter opplegging. Grøftemassen lagt opp i 1 m høgde vil overslagsvis dekke marka i 1,5 – 2 m breidde. Samla breidde på tiltaket vil då bli ca. 4 m. Maksimal lengde blir som før sett til 60 m.

Ei ny vurdering gjev då at den mest miljøvenlege metoden er å la grøftemassen liggje att langs grøftetraseen, jf naturmangfaldlova § 12. Elles legg forvaltaren til grunn vurderinga frå behandlinga i nasjonalparkstyret 13.08.13.

Konklusjon

Vilkår i vedtaket frå 13.08.13 bør endrast.